

## Nettmøte i Sunnfjord KFU onsdag 10.juni 2020 kl.19-21

Leiar Roger Eide ønskte velkomen og opna møtet.

Fordi at kommune ikkje kan være på teams, så sende Åge Stafsnes ut link til møtet via Skype.

SAK 23-19/20

### **Forslag til ny opplæringslov der FAU, SU, SMU, samt Elevråd og FUG er føreslege fjerna frå lova (Sak frå leiar KFU)**

(Overført frå sak 13-19/20). Gjennomgang av høyrings svar. *Høyringsfrist 1. juli. Kl.12.00*

Tidlegare i kveld deltok leiar, Roger Eide på nettmøte med Drammen KFU, inntil vårt eige KFU møte starta.

Eit spørsmål mange har stilt seg er kvifor det er vorte slik at ein vil legge ned FAU og elevråd.

Åge Stafsnes orienterte om at ein har prøvd å finne årsak bak forslaget, men ein har ikkje kome til noko eksakt svar. Eit mogleg svar kan være at det er ulike styringsmodellar i ulike kommunar.

FUG, FAU, Elevråd alt er foreslått nedlagt.

Det er difor ønskjeleg med at flest mogleg sender inn høyrings svar der ein argumentera mot dette. Dess fleire dess betre.

Leiar, Roger Eide lanserte tankar også om at det burde være FAU på vgs.

At ein misser elevråd på VGS, vil og kunne råke russestyra. Russeråda har ofte eit samarbeid med politiet /utekontakt. Dette vil igjen råke tryggleiken under russefeiringa. Dette er eit viktig moment.

Utval for oppvekst hadde møte i dag den 10.juni, og dei slutta seg til, tilsvaret om at det må være lovpålagt vidare.

Oppmodinga er å forfatte gode forslag. Ha dialog med elevråd. Slik at summen vert ein massiv mengde i høyrings svar.

SAK 24-19/20

### **Informasjon frå Kommunalsjef skule, Åge Stafsnes**

#### **Smittevern:**

Ein arbeider utifrå 3 nivå: Grønt, gult og raudt.

No er vi kome på grønt nivå. Det tyder at klassene kva være samla, som klasse. Det er ikkje makstak på klassegruppa. Men dei ulike klassane skal ikkje blande seg med kvarandre. Og dei skal ikkje samlast på tvers av klassane. Avtandskrava er mindre.

På gult nivå, så er det strengare krav til avstand. Og tak på kor mange det kan være i ein kohort (gruppe). Ein kohort er klart definert, og det skal ikkje være kontakt mellom kohortane.

Det er Helsedirektoratet som definerer kva nivå ein skal ha.

Utfordringar ein har pr.no er på skyss. Smittevernreglane bestemmer avstandskrava under transport.

### **Lovframlegg:**

Det er kome eit framlegg om at visst ein ikkje fullfører eit vgs utdanningsløp, så skal ein få lov å starte eit nytt løp.

Til no så har ikkje lærarar hatt heimel til å fysisk være borti elevar. Forslaget går no ut på at ein har rettsleg moglegheit til tvang, for å stanse vald og liknande. Dette for å trygge alle partar.

Eit utval, omtalt som Nordal utvalet meiner at spesialundervisninga bør ut.

Så er det forslaget om at det ikkje lenger skal være lovfesta rett til medverknad, men opptil kvar enkelt kommune korleis ein skal gjære det.

### **Framdriftsplan for den vidare skuleplan:**

Statistikken seier at det vert færre born, og fleire eldre. Ein ser at Sunnfjord bruker meir på skule, enn kommunar ein kan samanlikne seg med. Strukturen ein har i Sunnfjord er kostnadsdrivande. Innan 2025 skal ein ha utgreidd skulestrukturen vidare. Visst folketalsprognosen for lav vekst slår til, så vil ein ha 1000 mindre elevar i grunnskulen enn i dag.

Dei fire gamle kommunane hadde ulik vektlegging av ressursar til skulane. Naustdal låg 100 millionar over landsgjennomsnittet. Gaular brukte 20 millionar meir enn landsgjennomsnittet. Jølster brukte 40 millionar meir, og Førde brukte 20 millionar under landsgjennomsnittet på skule.

Ein har høg kvalitet på skulane i kommunen, det er ønskeleg at ein fører vidare. Planen ein har laga no, skal være grunnlag for den planen ein skal styre skulane etter i framtida.

Ein har i dag ikkje nedgang i ressursane totalt i kommunen, men pga. ulike fordelingsnøklar, så vil ressursane bli litt om fordelt, etter slik det var før.

Kommunen har ikkje planar om undersøkingar av skulemiljøet, om det er blitt forandra etter samanslåinga. Den einaste undersøkinga er den som kjem ifrå sentralt hald.

Kor mykje handlingsrom (økonomi) ein får, kjem an på kor store overføringar ein får frå staten.

Det ein har prioritert av investeringar er datamaskiner. Det er utifrå det ein forventar av overføringar. Visst skulle få meir, så kan ein ta fleire investeringar.

Frå 2021 skal alle elevar har sin eigen PC.

Uteområda ved Sunde, Skei og Vassenden skule er det satt av midlar på økonomiplanen og det er planar om å utvikle ilag med spelemidlar.

Ved Førde barneskule har ein funne midlar til 1. trinn utanom økonomiplanen. Det vert starta opp så snart som råd. Viktig med forslag om forprosjekt.

Spørsmål frå representant frå Førde barneskule om når kom resten? Når skal spaden setjast i jorda? Det er eit begredeleg dårleg uteområde for elevane. Det er ingenting å ta seg til i friminutta. No er tolmodet til barn og foreldre ved Førde barneskule slutt.

Åge Stafnes svarte at første bygge trinn har ein funne midlar til utanom økonomiplanen. Ein kan ikkje planlegge med spelemidlar slik som ved andre skular pga. krava som føl med. Anlegg som får støtte er det krav om at dei skal stå/vare i så og så mange år. Det er fleire faktorar ved Førde barneskule som gjer at det er uvisse rundt arealbruken. Skal skulen byggast ut, eller må ein flytte heile skulen? Ved utbygging, så må ein kanskje rive opparbeid uteområde, og då må spelemidlar betalast tilbake.

Eit anna moment er at storkommunen er i minus, og tala er raude. Kva får ein til innfor rammene ein har?

Eit innspel som kom var at det i 2018 vart vedteke i kommunen at uteområdet ved Førde Ungdomsskule skulle utbyggast. Det har ein heller ikkje sett noko til.

Kommunen har avtalt at dei skal kjøpe Hafstad vgs sin bygningsmasse, då den vert teke ut av bruk. Heilt kva den bygningsmassen skal brukast til, er ikkje endeleg bestemt. Tanken bak det kjøpet er at ein skal samle verksemder som i dag kommunen må leige lokalar til.

Eit innspel frå Viksdalen er at ein ser at det er føreslege å legge det vesle bibliotek tilbodet ein har i Viksdalen. Tilbodet er lite, men det er veldig viktig for bygda. Mister ein det så står ein att utan noko nærtilbod.

Slik ein driv skulane i dag, så driv ein det så billeg at ein kan ikkje ta ned rammetimetalet meir. Einaste innsparing er å sjå på struktur på barnehage og skule.

Sande skule treng oppgradering. Det er foreslege at brakkeriggen, som i dag står ved Horstad skule skal flyttast til Sande. Dette vil løyse det mest prekære i første omgang.

SAK 25-19/20

**Digitalt arbeidsrom og arkivering for FAU/KFU (Sak frå FAU Vassenden skule)**  
(Overført frå sak 22-19/20). Status/oppfølging.

Ein må sjå på om ein kan ha digitale arbeidsrom. Kva løysing finst?

Kommunen får ikkje bruke teams. Ein arbeider med ulike tiltak og kva for standard ein skal legge seg på? Ein må finne ut korleis ein skal ha det vidare.

SAK 26-19/20

**Oppsummering. Evaluering. KFU-vegen vidare**

Konklusjon er at det er godt med 2 representantar frå kvar skule, og det vil ein fortsette med. Digitale møte har fungert godt. Arbeidet har hatt ein fin form. Det kom fram mykje ros til leiar Roger Eide for god måte å leie ting på.

Kanskje bør ein ha litt oftare møte, men då litt kortare på lengde.

Planen var at ein skal ha det første møtet, årsmøtet den 14.oktober. Ein ser at pga. det er høyringsfristar om viktige saker i skulen, så må ein møtast før.

Skulane startar den 17.august. Forslaget er at ein tek eit digitalt møte onsdag 16.sept, slik at ein kjem i gong med arbeidet. Så tek ein det planlagde årsmøtet med nytt val den 14.oktober, som planlagt. Det vert eit fysisk møte, om det ikkje er vedteke restriksjonar att.

Pga. Høyringsfristar så er det viktig at FAU rundt om kjem i gong før 1.okt. Det skal Åge Stafsnes ta opp med rektorane i møte den 23.juni.

SAK 27-19/20

**Ymse**

Roger Eide takka Åge Stafsnes for det gode samarbeidet KFU har hatt med han.

Ingen andre innspel på ymse, så møtet vart heva før estimert møteslutt.

Referent

Marit Solveig Nedrebø